

# Retningslinjer for utanlandsstipend

Retningslinjer for utanlandsstipend ved HVO	
<b>Dokumenteigar:</b> Forskingsadministrasjonen	<b>Lagt fram for Forskingsutvalet:</b> 23.11.2023
<b>Dokumentansvarleg:</b> Forskingsadministrasjonen	<b>Fastsett av direktør:</b> 19.06.2024
<b>Gyldig for:</b> Stipendiatar og vitenskapleg tilsette ved HVO	<b>Versjon:</b> 2

## 1 Avgrensing

Retningslinjene gjeld økonomisk støtte til eit lengre opphald ved ein forskingsinstitusjon i utlandet, og omfattar fast tilsette og stipendiatar der høgskulen har arbeidsgjevaransvar. Utanlandsstipend er særleg aktuelt i forbindelse med doktorgradsutdanning, FoU-stipend og professor-/dosentstipend ved HVO.

## 2 Føremål

Ph.d.-kandidatar og vitenskapleg tilsette ved HVO kan søke om utanlandsstipend. Føremålet er å medverke til auka mobilitet, stimulere til internasjonalt forskningssamarbeid, nettverksbygging i utlandet og internasjonal erfaring. Målet med utanlandsopphaldet er å utvide det akademiske nettverket, og at dei som reiser ut får ny kunnskap og inspirasjon som dei kan ta med tilbake til Høgskulen i Volda.

## 3 Om stipendet

Midlane skal brukast til å dekke dokumenterte meirkostnader ved forskingsopphald i utlandet, primært utgifter til reise og bustad.

Ordninga kan dekke:

- Utanlandsopphald som varer mellom 1 og 6 månader. Ved særskild behov kan ein søke om støtte til opphald på opptil 12 månader.
- Opphald ved ein internasjonalt anerkjent forskingsinstitusjon.
- Opphald der føremålet er å delta i fagleg aktivitet ved vertsinstitusjonen.
- Opphald som vil medverke til internasjonalt samarbeid, nettverksbygging og sampublisering med forskarar frå vertsmiljøet.

Det er høve til å søke om støtte til å ta med familien på utanlandsopphald. For familie gjeld følgande:

- Støtta gjeld reiseutgifter for ektefelle eller sambuar med born under 18 år. Familienmedlem må opphalde seg saman med stipendsøkar i heile eller tilnærma heile perioden. Kostnader for at familien skal besøke stipendsøkar i utlandet vert ikkje dekkja.

Det er ein føresetnad at andre finansieringskjelder for utanlandsopphald er undersøkt/søkt. Dersom ein søkar får tilslag på søknad om midlar frå andre finansieringskjelder, kan stipendet frå HVO bli avkorta tilsvarande.

Det er mogleg å kombinere utanlandsstipend med andre stipend så lenge det ikkje inneber dobbeltfinansiering av opphaldet.

For stipendiatar som er tekne opp ved ein annan norsk institusjon, bør stipendiaten søke om 50 % dekning frå denne institusjonen. Ordninga med årlege driftsmidlar til stipendiatar inngår i vurderinga av tildeling av stipend ved utanlandsopphald.

Høgskulestyret fastset årleg budsjettramme for utanlandsstipend. Denne vert styrande for omfanget av ordninga kvart år.

### 3.1. Bruksområde

Stipendet skal brukast til å dekke utgifter til sjølve reisa (rimelegaste reisemåte), og dokumenterte meirkostnader ved opphaldet. Dei mest vanlege kostnadane er knytt til: bu- og reisekostnader, flyttekostnader, visum, vaksiner som er naudsynte for opphaldet.

Det vert normalt ikkje gitt støtte til bustad i utlandet dersom du har sagt opp eller leiger ut bustaden i Noreg. Det vert heller ikkje gitt støtte til medisinar, fritidsaktivitetar, treningssenter, pass, mat, kle, og anna utstyr arbeidstakar normalt har til vanleg.

Ordninga gjeld ikkje støtte til reiser av kortare varigheit t.d. i samband med deltaking på kurs, seminar og konferansar, då ordinære driftsmidlar skal kunne nyttast til dette (jamfør Retningslinjer for bruk av driftsmidlar).

## 4 Utbetaling av stipendet

Utgifter til reise og opphald vert utrekna iht. budsjettet i søknaden og ut frå ei vurdering av kva som utgjør eit rimeleg tilskot for at utanlandsopphaldet kan verte gjennomført.

Det er mogleg å søke om forskot. Søknad om forskot skal sendast til HR/Løn. Merk at utgiftene må dokumenterast i etterkant av opphaldet. Det er arbeidstakar sitt ansvar å ta vare på relevante kvitteringar. Dersom meirutgiftene er større enn det tildelte stipendet må dette dekkast av andre finansieringskjelder.

Merk at stipendreise ikkje er ei tenestereise (jf. [særavtale om dekning av utgifter til reise og kost utanfor Noreg](#)). Ei stipendreise er noko ein sjølv har teke initiativ til, og er ikkje ei reise som arbeidsgjevar har pålagt tilsette, men godkjent at blir føreteke. For denne typen reise vert ikkje kostgodtgjersle eller kompensasjonstillegg utbetalt.

Nærare informasjon om utgiftsgodtgjersle og stipend finn du her: [Utgiftsgodtgjersle og forskingsstipend i utlandet](#).

## 5 Dokumentasjon

Det er viktig å ta vare på alle relevante kvitteringar, då desse skal brukast til dokumentasjon i etterkant av opphaldet. Dette gjeld for alle relevante kostnader som stipendet kan brukast til.

## 6 Sluttrapportering

Endeleg avrekning leverast til HR/Løn seinast ein månad etter heimkomst. Søkar må opplyse om eventuell anna finansiering som dei får tildelt til same føremål. Eit eventuelt overskot av utbetalte midlar sett opp mot dokumenterte kostnader, skal tilbakebetalast til HVO via trekk i løn.

## 7 Vurderingskriterier

Målet er at flest mogleg søknadar vert innvilga. Det vert ikkje gjeve støtte dersom søkar har fått reise støtte til same føremål frå andre finansieringskjelder. Dersom det blir naudsynt kan ein måtte prioritere dei som blir vurdert å best oppfylle føremålet med ordninga. Dersom naudsynt vil Forskningsutvalet prioritere ut frå ei avveging av følgande ikkje uttømmende liste:

- dei som ikkje har hatt eit utanlandsopphald tidlegare
- opphald ved forskingsinstitusjonar i Europa
- dei som har fått delvis støtte frå andre finansieringskjelder
- dei som har konkret plan om sampublisering og/eller deltaking i prosjektsøknadar om eksterne midlar
- dei som kan vise at fagmiljøet i utlandet er interesserte i å samarbeide

## 8 Praktisk informasjon

Fastsett søknadsskjema fyllast ut i nettskjema. Søknaden skal innehalde følgande:

- informasjon om vertsinstitusjon, land og tidsrom for utanlandsopphaldet
- fagleg føremål og grunngjeving for reisa
- planlagde aktivitetar og publiseringsplanar
- søknadsbeløp basert på budsjettmal i nettskjema
- informasjon om ev. familiemedlem skal vere med
- opplysningar om eventuell anna finansiering til same føremål

Vedlegg:

- bindande invitasjon/stadfesting frå vertsinstitusjonen
- tilråding frå rettleiar for dei i doktorgradsutdanning
- stadfesting frå avdelinga/næraste leiar om at utanlandsopphald er godkjent

Søknad med vedlegg skal rettast til Forskingsutvalet ved sekretær. Søknadar vert handsama i Forskingsutvalet. Utlysinga skjer årleg med søknadsfrist i august/september.

I søknaden må stipendsøkar stadfeste at ein kjenner til retningslinjene for utanlandsstipend, og at søkar er kjent med at eventuelt overskot blir trekt i løn.

Merk at stipendsøkar sjølv er ansvarleg for å undersøke rettar og plikter ved utanlandsopphald før utreise, knytt til blant anna folketrygd, skatt og helserettar.